



Ein blanding av fleire klassar opna skuleåret med fotball!

I fjor var skulestarten prega nærmast av kaotiske tilhøve på grunn av rehabilitering. I år var starten også prega av motordur, men denne gongen kom den utanfrå - frå Brødrene Muslands gravemaskin. Det var ein gledeleg dur fordi den varslar at det skjer noko viktig også i år frå skulen sitt synspunkt. Det er starten på jobben med kunstgrasbana.

I fyrste omgang skal grusen fjernast på det aktuelle området og det er det som skjer no fyrste dagen. Sidan går det slag i slag.



[Det er 16 fyrsteklassingar dette året](#)

Inne var det lunt og triveleg. I fyrsteklassa song dei optimistisk GOD MORGON GOD MORGON VI HAR DET SÅ GODT VI VIL IKKJE BYTTA MED KONGENS STORE SLOTT!

Det er 16 fyrsteklassingar dette året og eit nytt lærarteam på 2 tek seg av klassa. Det er Trine Nødland og Gunvor Ullebust som dessutan har assistanse av assistent Berit Dale. Andre endringar i lærarstaben er det ikkje.

Ein viss nedgåande tendens er det frå ifjor til iår med omsyn til elevtalet - det er nedgang frå 115 til 113 trass i meldingar om innflytting til bygda av fleire familiar utanfrå - både til Ospelunden og andre felt.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen.



Duren frå Musland Maskin var ein hyggjeleg dur